

Dato 17.01.18

Saksbehandler Anders Aabø

REFERAT frå styremøte 24.02.16, Statens hus, Stavanger.

Til stades: Astrid Fjeld, Kirsten J. Steffensen, Anne Hestad Hem, Kjell Olav Henriksen, Anders Aabø.
Forfall: Hans Widerøe.

Sakliste:

- 11/16 Godkjenning av referatet frå møtet 27.01.16.
- 12/16 Økonomi.
- 13/16 Studieturen 2016.
- 14/16 Skolemøtet 2016.
- 15/16 VP.
- 16/16 Vestlandsmøtet.
- 17/16 Leiarmøtet 04.03.16.
- 18/16 UMM
- 19/16 Landsmøtet 2016.
- 20/16 Rådgivaren si arbeidstids – fordeling mellom fylke og nasjonalt.

Sak 11/16: Referatet frå møtet 27.01.16 samrøystes godkjent.

Sak 12/16: Saldo pr 31.01.16 er kr 86.300,-.
Rådgivaren ber medlemsskulane senda inn rette fakturaadresser.

Sak 13/16: Styret har fått inn kostnadsoverslag på studietur til Helsinki 21. – 25.09.16 (onsdag – søndag). Prisen vert på ca kr 10.000,- pr deltakar. Vi ber om ny pris for tilsvarande tur, men med retur 24.09.16; altså ein dag kortare (onsdag – laurdag). Transfer tur / retur flyplass – hotellet er prissett til ca kr 10.000,-. Vi ber HRG sjekke denne prisen. Rådgivaren sender ut mail til medlemsskulane for å få ei oversikt over kor stor interesse det er for studieturen før ein arbeider vidare med den.

Sak 14/16: Styret gjekk gjennom framlegget til kurs på Skolemøtet 2016. Rådgivaren sender dette til Skolemøtet og held vidare kontakt med Skolemøtet om praktiske oppgåver i tilknytning til arrangementet. Dersom Norsk kulturskoleråd ønskjer stand på arrangementet, må sentralleddet kosta denne.

Sak 15/16: Styret gjekk gjennom tiltaka i VP for inneverande periode, og ein konkluderte med at ein «er i rute» med arbeidet. Følgjande saker må følgjast opp i 2016:

- Møte med Rogalandsbenken på Stortinget
- Årsmøtekonferansen på årsmøtet 2017
- Regionale kulturskuledagar i 2017
- Greater Stavanger
- Forsking i tilknytning til kulturskulane

Sak 16/16: Fylkesleiar og rådgivar deltek på Vestlandsmøtet 07. – 08.04.16.

Sak 17/16: Saklista for leiarmøtet vart sett opp. Denne vert sendt ut til medlemsskulane før møtet. Anne Hestad Hem og Hans Widerøe har forfall til møtet.

Sak 18/16: Rådgivaren skal i møte om UMM og dei ulike organisasjonane sine oppgåver og roller i tilknytning til arrangementet. Møtet er 25.02.16. Jfr referat frå møtet 27.01.16.

Sak 19/16: Rogaland kan senda 5 representantar med stemmerett til Landsmøtet 2016. I utgangspunktet tenkte ein at fylkestyret skulle representera fylket, men av di fylkesleiaren ikkje har høve til å delta, er der ein plass disponibel for annan representant. Styret ønskjer at denne skal representera skuleeigar; gjerne på politisk nivå.

Sak 20/16: I tilknytning til effektueringa av Skaar – utvalget har det oppstått ein del usikkerheit i «kommandolinjene» i organisasjonen. Dette medfører at det er behov for å avklara fordelinga mellom sentralt- og lokalt gitte arbeidsoppgåver for fylkesrådgivaren. For ordens skuld gjer ein merksam på at dette ikkje berre gjeld Rogaland. Fylkesleiaren tek dette vidare på fylkesleiarsamlinga i mai.

Finnøy 01.03.16.

Anders Aabø
(Referent)